

OED  
Postboks 8148 Dep.  
0033 Oslo

Stord 26.09. 2014  
Dykkar ref.  
Vår ref. 112581/1  
Arkivnr.  
Saksbehandler Odd Terje Waldal  
Sider 4

## Høyringsuttale til Reiten-utvalget sine tilrådingar

Eg viser til Reiten-utvalget sin rapport frå 5. mai 2014, som har høyringsfrist 1. oktober.

Utvalget hadde som mandat å vurdere ei hensiktsmessig nettorganisering med gjennomføring innan 2020, med særleg fokus på

- å sikre gjennomføring av store nettinvesteringar, og
- å vurdere virkemiddel for å ivareta nøytralitet, effektiv drift og meir harmoniserte tariffar.

For utfyllande høyringssvar viser eg til uttale frå vår bransjeorganisasjon Energi Norge. Tema og tilrådingar i rapporten gjeld ikkje berre nettverksemda, men har konsekvens for heile konsernet si verksemd. SKL vil med dette gi sin uttale til rapporten, med særleg fokus på nokre konkrete tema og tilrådingar.

### Generelle kommentarar.

Rapporten gir ei god og balansert framstilling av dagens organisering og dagens utfordringar for nett og kjem med forslag til tiltak som kan medverke til omstilling, og det innanfor omkostningar som må kunne forsvareast. SKL støttar difor i det alt vesentlege utvalet sine tilrådingar.

Med nett som naturlege monopol er det rett å la sterke krav til nøytralitet liggje i botn for denne verksemda. Vi som aktørar må ta innover oss denne forventninga og i praktisk handling sikre at krava vert etterlevd. Mistanke mot oss om at så ikkje skjer i alle tilfelle, skuldast truleg mest dagens organisering med stor grad av tett integrasjon med anna verksemd. Slik integrert verksemd gir derimot andre fordelar, som rapporten omtaler, det bidrar td til meir effektiv drift, god utnytting av felles ressursar og god kompetanse, td kunnskap om både nett- og produksjonsdrift som er viktig i beredskaps- og feilsituasjonar. Difor må krava til nøytralitet sikrast gjennom regulering av nettaktørane, både drift og investeringar, og organisering med nødvendig armlengdes avstand. Tilrådingane i rapporten balanserer desse omsyna på ein god måte.

Det finst ikkje enkle løysingar på kompliserte samanhengar, noko rapporten er eit godt døme på. Implementering av ekspertutvalget sine tilrådingar vil ta oss eit godt steg mot eit betre organisert straumnett.

### **Regionalnettet som del av distribusjonsnettet.**

Ekspertutvalget tilrår at regionalnettet vert ein del av distribusjonsnettet, og med differensierte tariffar i det nye distribusjonsnettet som i dag. SKL sluttar seg til tilråding og argumentasjon frå utvalget. Ein oppnår då to nettnivå som i EU, og med plassering av regionalnettet der det ut frå sin funksjon naturleg høyrer heime. Dette vil sikre fortsatt grunnlag for god leveringssikkerhet og beredskap gjennom regional lokalkunnskap og korte kommandolinjer i ein krisesituasjon.

Ei anna løysing vil innebere ekspropriasjon og nasjonalisering av alt overordna nett, ikkje berre sentralnettet, noko brukarane vanskeleg kan sjå seg tent med. Ei slik løysing ville utløyse krav om økonomiske kompensasjonar for tapt rett til å drive næring.

### **Organisering.**

Utvalget tilrår krav om innføring av selskapsmessig og funksjonelt skille mellom nett og all anna verksemd. Dette må sjåast som det viktigaste virkemiddel til å sikre nøytral adferd (i tillegg til innføring av DSO'ar). Ekspertgruppa seier nei til å innføre fullt eigarmessig skille. Konsern-modellen skal vere tillatt, noko anna ville fått store negative eigarmessige, driftsmessige og effektivitetsmessige konsekvensar som umogleg kan stå i høve til nøytralitetsmessige gevinstar.

SKL er enig i denne tilrådinga. Den vil ivareta krav og forventningar til nøytralitet i kvart konsern, og saman med innføring av DSO-ordning bør dette sikre tillit til nøytral adferd for både drifts- og investeringsoppgåver. Ein slik tillit vil vere like viktig for vår bransje som for kundar, styresmakter, etc.

Innføring av funksjonelt skille må følgjast opp med ei klar definering av kva organisatoriske tiltak og løysingar som denne modellen vil kreve. Desse må settast slik at dei saman med utvalget sine tilrådingar om tenestekjøp i konsern, der kjøp av administrative og spesielt definerte operative tenester (til dømes driftssentral) vert tillatt, og dermed sikrar effektive oppgåveløysingar i tillegg til å ivareta nødvendige nøytralitetsomsyn.

### **Systemoperatør for distribusjonssystemet (DSO).**

Utvalget tilrår at dagens ordning med kraftsystemutgreiing (KSU) vert erstatta med at OED utpeikar eit antall systemoperatørar for distribusjonssystemet (DSO) som får ansvar og oppgåver med utgangspunkt i dagens KSU-ordning. Gruppa tilrår at DSO får eit utvida mandat til også å koordinere og rangere investeringar innanfor DSO-området. Systemansvaret skal framleis liggje hos Statnett.

SKL støttar forslaget om oppretting av DSO-ordning som tilrådd av utvalget. Utvalget si tilråding er i samsvar med SKL sin høringsuttale frå 09.01.2014 om foreslåtte endringar i energilova for tilpassing til EU sin tredje elmarkeds pakke. Logisk samanhengande nett bør vere det styrande kriteriet ved utpeiking av DSO.

Det blir viktig at ein gjennom detaljeringa av DSO-rolla får formalisert m.a. grensesnittet for systemdrift, slik at dei oppgåver som i praksis i dag ligg til større regionalnettseigarar og KSU-ansvarlege er med og sikrar leveringssikkerheit og beredskap. Døme her kan vere å oppretthalda forsyninga i eit område med bruk av lokal produksjon og regional-/distribusjonsnett i ein krisesituasjon, gjennom bruk av felles driftssentral for produksjon, nett og eventuelt distribusjonsnettkonjesjonærane i området.



Føreslått DSO-ordning vil vere eit godt bidrag til å sikre tillit til nøytralitet ved prioritering og vedtak av nye investeringar i grensesnittet mellom dagens regionalnett og distribusjonsnettet. Føreslått tvisteordning tillagt NVE vil forsterke dette, samstundes som den bør sikre anleggs- og områdekonsesjonæren trygghet for korrekt og nøytral handtering av sine investeringar.

### **Nettstruktur – harmonisering av tariffar.**

Bakteppet for oppnemninga av ekspertutvalget har m.a. vore dagens svært fragmenterte nettbransje med mange og til dels svært små nettselskap, tvil om bransjen si gjennomføringsevne av dei mange svært store nettinvesteringar som vi står føre, samt politiske mål om meir harmoniserte tariffar.

Det geografiske området som SKL opererer i, og der SKL i dag har KSU-ansvaret, er eitt av dei områda med mange og nokre av desse svært små nettselskap. Her har det i mange år vore samarbeid om tariffen for regionalnettet, slik at denne er lik for alle nettselskapa. Det er imidlertid svært store forskjellar (opp til 60%) i tariffane i dei ulike distribusjonsnetta. SKL har i mange år kommunisert interesse og vilje til og tatt initiativ til å bidra til strukturendring. Av ulike årsaker har det skjedd lite, slik at den historisk betingta nettstrukturen stort sett er uendra.

Ekspertutvalget sin rapport viser at det ikkje berre er lett å kome med direkte reguleringar og inngrep som sikrar strukturendring. Det viktigaste virkemidlet i rapporten er kravet om selskapsmessig og funksjonelt skille. Det er same tilnærminga til målet om meir harmoniserte tariffar, ei tiltru til at eit slikt indirekte virkemiddel vil føre til strukturendring, som i neste omgang resulterer i meir harmoniserte tariffar.


Det er SKL si vurdering at spørsmålet om strukturendring og tariffnivå heng tett saman. Store skilnader i tariff vil vere eit hinder mot at selskap slår seg saman. Kundane i selskap med låge tariffar i dag kan ved ein fusjon oppleve svært stor auke i sin tariff, med mindre dette er i eit stort selskap med stor kundemasse som med ubetydeleg tariffauke lett kan inkludere mindre grupper av kundar frå nye område. I SKL sitt område kan samanslåing av små selskap føre til meir enn 30% auke i tariff for kundar som i dag er i selskap med tariff på eit gjennomsnittsnivå. Det seier seg sjølv at dette ikkje utan vidare er lett å realisere, sjølv om det ikkje er nettselskapet som får den økonomiske konsekvensen.

Ei ønska strukturendring vil ikkje alltid inkludere store nettselskap. Dersom det er eit politisk mål å oppnå større og meir robuste nettselskap, og derigjennom meir harmoniserte tariffar, er det rett å tenkje virkemiddel som reduserer at skilnader i tariffnivå vil hindre dette. Overgangsordning med ulike tariffnivå også etter fusjonen inntil fusjonseffektar er oppnådd, kan avhjelpe problemet. Det vil likevel i enkelttilfelle vere behov for ny stimulans til fusjon, målretta mot dei konkrete tilfella der store skilnader i tariff hindrar naturleg samanslåing av nettselskap.

Eitt nærliggjande forslag vil vere å sjå på utjamningsordninga for kundar i område med dei høgaste tariffane. Ekspertutvalget tilrår å behalde denne ordninga, politisk er det signalisert avvikling og tilskottsnivået er sterkt redusert. Dagens ordning bidrar til meir harmoniserte tariffar, men kan samstundes ha som effekt å sementere dagens nettstruktur. I staden for politisk å avvike utjamningsordninga, kan ein målrette denne som fusjonsvirkemiddel der det blir dokumentert at store skilnader i tariff framstår som hinder for fusjon. Slikt tilskott må

gjerast betinga av at fusjon vert gjennomført, det kan gjelde for ein overgangsperiode, og det kan stillast krav til mottakarane om effektiviseringstiltak som avdempar tariffauken når tilskottet fell vekk. Ein nyttar då utjamningsordninga som eit direkte virkemiddel til strukturendring og som eit indirekte virkemiddel for tariffharmonisering.

Med helsing  
SKL AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Magne Heimvik', written over the printed name.

Magne Heimvik  
konsernsjef